

Informasjon om retur av skinn

Småfe slakta med ulla på får eit trekk på kr 150,- Dette gjeld enten du skal ha skinn i retur eller ikkje. Skal du ha både skinn og slakt i retur/nisje, blir du ikkje trekt. Grunnen til at vi har dette trekket, er at slaktet ikkje kan gå inn i ordinær varestrøm, og får dermed ein lågare verdi. Slike slakt kan brukast berre i produkt som er varmebehandla, men ikkje i produkt av ferske deig og farse. Dette er fastsett i ei bransjeavtale, og gjeld altså alle kjøttforedlingsbedrifter. I tillegg blir du trekt kr 70,- for salting og handtering av skinn som blir teke i retur.

Ved innmelding av slakt der skinn skal i retur, skal dette skjema fyllast ut av produsenten før dyretransporten kjem, og følgja dyra/kjøreseddelen inn til slakteriet. Raude signalmerke kjøper du hjå Os ID. Desse skal festast i øyra, også det før sjåføren kjem. Du kan gjerne festa dei i merker som står i øyret frå før, men ikkje slik at det berører tekst/tall som identifiserer dyret.

Nortura tek **ikkje** ansvar for å ta ullne skinn av:

- Mohair og Kashmir geit/kje
- Sau med heilårsull
- Små lam og sau med feittgruppe 2- og lågare
- Gamle dyr- 5 år og oppover
- Småfe slakta utanom månadene juni, juli, august, september og oktober

Skinn som går sund vil bli kassert, og vil ikkje bli send til garving. Du vil bli oppringt når dette skjer.

Vi bruker følgjande garveri:

Granberg Garveri, Ølensvåg:

Nettsider: www.granberggarveri.no

Roar Pelsindustri, Sandvika:

Nettsider: www.roarpels.no

Dersom du har spesielle ynskje (ikkje bleiking, nedklypping m.m.), så ta gjerne kontakt med garveriet før du sender dyra til slakt. Dersom du har spesielle ynskje når det gjeld garveri, så skriv opp namnet på garveriet. Om det ikkje blir gjort, så går skinn automatisk til garving til det garveriet slik som fabrikk har avtale med.

Har du spørsmål om dette, ring oss på 95 51 84 00.

Generell info om retur skinn og retur kjøtt:

<https://medlem.nortura.no/nyheter/retur-av-slakt-og-medlemskjop-article16721-11885.html>

Felles reglar for retur av skinn:

<https://medlem.nortura.no/siste-nytt/felles-rutinar-for-retur-av-ullne-skinn-article41640-11794.html>